

Fellesskuleutvalget

Innspel til Fellesskuleutvalet frå Utdanningsforbundet - vinter 25/26

Kva er ein fellesskule?

Utdanningsforbundet meiner det var eit naudsynt grep av regjeringa å setje ned eit utval for å sjå på fellesskulen. Det klare inntrykket vårt er at omgrepet fellesskulen har stor oppslutning blant lærarar og leiarar i skulen.

Mandatet til fellesskuleutvalet er å sjå på fellesskulen i framtida. Utgangspunktet er normativt. Dette utvalsarbeidet handlar ikkje om å sjå på skulen i framtida isolert sett, men om korleis vi kan sikre at skulen i framtida blir ein fellesskule. For å gå nærare inn i den problemstillinga, treng vi ei felles forståing av kva ein fellesskule er. Utdanningsforbundet registrerer at det er mange ulike oppfatningar av kva ein fellesskule bør vere og kva omgrepet eigentleg tyder. Derfor meiner vi spørsmålet om kva fellesskulen eigentleg er, bør stå heilt sentralt i arbeidet til utvalet.

Fellesskulen er eit komplekst omgrep som rommar mange ulike omsyn og målsettingar. Ikkje minst skal fellesskulen sikre at alle elevar får same moglegheit til å skaffe seg den individuelle kompetansen og kunnskapen, samt dei individuelle ferdigheitene som er naudsynte for å leve gode liv i moderne samfunn. Dette er eit sentralt aspekt ved fellesskulen, men det er langt ifrå utfyllande. I tillegg til dette individuelle perspektivet har fellesskulen også ein viktig kollektiv dimensjon. Den handlar om å skape tilhøyrse og reelle faglege, sosiale og kulturelle fellesskap på tvers av økonomiske og kulturelle skiljelinjer.

I det vidare arbeidet til utvalet blir det viktig å finne ein god balanse mellom den individuelle og den kollektive dimensjonen. I Utdanningsforbundet er vi spesielt opptekne av den kollektive dimensjonen ved fellesskulen. Vi er uroa for at den individuelle dimensjonen skal få for mykje merksemd på kostnad av det kollektive. Det norske skulesystemet har over tid blitt gradvis meir vinkla mot den individuelle dimensjonen ved opplæringa. Retten til opplæring er tydelegare formulert som ein individuell rett enn før, medan læreplanane i større grad er retta inn mot individuell kompetanse og i mindre grad mot felles prosessar. I tillegg har vi fått eit styringssystem og system for kvalitetsvurdering som legg vekt på aggregerte, individuelle læringsresultat.

Gitt denne dreininga meiner Utdanningsforbundet det er ekstra viktig for fellesskuleutvalet å diskutere korleis vi tek vare på den kollektive dimensjonen ved fellesskulen i framtida. Slik vi ser det, er både den individuelle og den kollektive dimensjonen ved fellesskulen viktig. Vi får ingen fellesskule om ikkje alle elevar kan oppleve personleg, fagleg meistring, men det blir heller ingen fellesskule dersom ikkje skulen bidreg til å skape reelle faglege og sosiale fellesskap, og til å skape ei kjensle av å høyre til i noko større.

Derfor er det avgjerande at utvalet som skal sjå på fellesskulen i framtida, vurderer kva for strukturar og tiltak som er naudsynte for at Noreg framleis skal ha ein fellesskule der menneske med ulik bakgrunn møter kvarandre i det same klasserommet og blir inkludert i den same fellesskapen. Utan slike perspektiv blir utvalet ikkje noko fellesskuleutval, men berre eit utval for framtidas skule.

For å skape ein reell fellesskule, er det heilt avgjerande at skulen er tilpassa alle elevar, ikkje berre dei som har teoretiske anlegg og interesser. Vi veit at meir enn halvparten av norske ungdommar vel yrkesfaglege utdanningsprogram i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande. Derfor er det viktig at grunnskulen førebur like godt for praktiske yrke som for dei teoretiske. Slik er det diverre ikkje i dag.

Om dei fem utviklingstrekk som truar fellesskulen

Utvalet for framtidas fellesskule har identifisert fem utviklingstrekk som dei meiner truar den norske fellesskulen i framtida. Dei fem utviklingstrekk er:

- 1) Relativisering av kunnskap og demokrati under press
- 2) Akselererande teknologiutvikling og samfunn i omstilling
- 3) Individualisering som fortrenger fellesskap
- 4) Vaksande ulikskap og psykisk helse under press
- 5) Demografisk utvikling og offentleg sektor under press

Utdanningsforbundet meiner utvalet har treft godt med desse utviklingstrekk. Dei er i stor grad samanfallande med dei trugsmåla mot fellesskulen som vi identifiserte i det første skriftlege innspelet vårt. Vi ønskjer likevel å presisere eit viktig perspektiv som vi meiner det er avgjerande at utvalet går djupare inn i.

Om forskjellsskulen

I Noreg er det store forskjellar i skuletilbodet frå kommune til kommune og frå fylke til fylke. Dette gir seg utslag mellom anna i ulik ressursbruk, at elevane har ulik tilgang til undervisning frå personar med lærarutdanning, og at det er ulik tilgang til læremiddel, varierende kvalitet på skulebygg og store forskjellar i tilgang til utstyr og spesialrom. I mange tilfelle kan det også vere store skilnader i organiseringa av opplæringa, kanskje særleg i vidaregåande.

For Utdanningsforbundet er det viktig å få fram at dette ikkje handlar om tilfeldige variasjonar eller ukloke prioriteringar frå nokre kommunar, men om ei grunnleggjande svakheit i systemet. I norsk forvaltning prioriterer vi kommunal handlefridom høgt og kombinerer rammefinansiering med ei opplæringslov som gir kommunane og fylka vide fullmakter som lokal skulemyndigheit. Dette systemet har positive sider, men det er like fullt viktig å diskutere korleis det påverkar moglegheita til å ha ein reell fellesskule for alle.

I eit system med rammefinansiering er det reguleringane i lovverket og i forskrifter som skal sikre nasjonale standardar. Utdanningsforbundet erfarer at denne typen lovreguleringar som er meint å sikre fellesskulen, har komme under stadig sterkare press dei siste tiåra. Eit døme er klassedelingstalet, som blei oppheva i 2003. Først i 2018 fekk vi ei minstenorm for lærartettleik som erstatning, men no er også den norma under sterkt press. Eit anna døme er

reguleringa av fjernundervisning, som blei betrakteleg lausare med den nye opplæringslova, og som opnar for store lokale forskjellar. Vi kan også trekkje fram moglegheita i opplæringslova til å omdisponere timar i grunnskulen, og at det har blitt lansert fleire forslag om å gjere fag- og timefordelinga enda meir fleksibel og å innføre slik fleksibilitet også i vidaregåande. Vi ser i tillegg at når nye rettar og reguleringar blir innførte, så er dei klart lausare regulerte enn det som var vanleg tidlegare. Det beste eksempelet på det er fullføringsreforma, som blir praktisert særst ulikt frå fylke til fylke.

Kombinasjonen av rammefinansierte kommunar og fylkeskommunar og eit lovverk som gir stadig større fridom til lokale skulemyndigheiter er utvilsamt utfordrande for fellesskulen. For fellesskuleutvalet bør det vere eit sentralt spørsmål om Noreg i det heile teke har eit system for forvaltning av skulen som gjer det mogleg å ta vare på fellesskulen. I forlenginga av dette spørsmålet bør utvalet sjå nærare på kva for endringar i forvaltninga som kan gjerast for å verne om fellesskulen.

Om dei sju grunnleggjande erkjenningane til fellesskuleutvalet

Utvalet for fellesskulen i framtida har formulert sju erkjenningar om læring, skulen og samfunnet. Tanken er at desse erkjenningane skal vere grunnleggjande premissar for utgreiinga til utvalet. Dei sju grunnleggjande erkjenningane er:

1. Skulen er ein av berebjelkane i samfunnet
2. Utviklinga i skulen er alvorleg
3. Læring er mentalt krevjande. Vi må organisere skuledagen etter det.
4. Skulen er eit komplekst sosialt system. Det må liggje til grunn for korleis skulen blir leia og vidareutvikla og for korleis samarbeidet i skulen blir organisert.
5. Ein sterk lærarprofesjon i samspel med profesjonell skuleleiing er avgjerande for å lykkast.
6. Fire sentrale partar må samarbeide tett for at skulen skal lykkast: Sentrale skulemyndigheiter; lokale skulemyndigheiter, organisasjonane til lærarar og skuleleiarar og lærarutdanningane.
7. Skulen må førebu elevane for ei meir kompleks og usikker verd i endring

Utdanningsforbundet meiner alle dei sju erkjenningane er viktige. Vi er likevel uroa for at erkjenningane ikkje synleggjer godt nok at fellesskulen er noko som skal skape og halde ved like ulike fellesskap. Erkjenningane, og undertekstane som høyrer til kvar erkjenning, handlar i hovudsak om kva for kompetanse elevane vil trengje i framtida, og at det er samfunnsøkonomisk lønnsamt at elevane får denne kompetansen. Dette er i høgste grad relevante perspektiv, men Utdanningsforbundet saknar ei tydelegare skildring av oppgåva skulen har med å skape tilhøyrse og fellesskap og av kva som skal til for å lykkast med denne oppgåva. Dette er heilt sentrale perspektiv som vi meiner må komme betre fram i dei grunnleggjande premissane for utgreiinga til utvalet.

Om erkjenning nummer 4: Skulen som komplekst system og om «teknisk oppdragsusikkerheit»

Utdanningsforbundet meiner erkjenning nummer fire frå utvalet er særleg viktig i diskusjonane om korleis vi skal innrette fellesskulen i framtida. Skulen har eit komplekst oppdrag, og skulekvardagen er fylt av spenningar og dilemma. Opplæringa handlar både om læring og om danning, ho handlar om å tilpasse seg fellesskapen og om å utvikle seg som sjølvstendig individ. Elevane skal lære å følgje felles reglar, men òg å vere kritiske og finne sin eigen veg. Skulen handlar om å opne opp moglegheiter i framtida, samtidig som skulegangen har ein viktig eigenverdi her og no.

I jakta på løysingar for å skape raske forbetringar i skulen, kan det vere freistande å forenkla dei mange dilemmaa i opplæringa og å snevre inn det komplekse oppdraget til skulen. Forenklingar og raske løysingar kan tilsynelatande gjere det enklare å styre skulen og å måle og vidareutvikle kvalitet. Men dette er ein freistnad vi ikkje må falle for når vi skal byggje fellesskulen for framtida. Tvert om er det viktig å hegne om og anerkjenne kompleksiteten i oppdraget til skulen, og å strukturere styringa av skulen etter det, sjølv om det i mange tilfelle ikkje er den enklaste løysinga. Derfor er Utdanningsforbundet glade for at fellesskuleutvalet peiker på kompleksiteten i skulen som ei av dei grunnleggjande erkjenningane som ligg til grunn for det vidare utvalsarbeidet.

I den forklarande teksten til erkjenning nummer 4 bruker utvalet omgrepet «teknisk oppdragsusikkerheit». Med det omgrepet meiner dei at kompleksiteten i skulen gjer det vanskeleg å etablere klare samanhengar mellom tiltak, til dømes det ein lærar gjer, og effekten det har på læringa til elevane. Som ei følgje av dette meiner utvalet det er vanskelegare å snakke om «beste praksis» i skulen, fordi «beste praksis» er avhengig av etablerte kausale samanhengar.

Utvalet meiner vidare at erkjenninga av «teknisk oppdragsusikkerheit» bør føre til at politikarane dreier merksemda bort frå direkte styring, store reformer og høgprofilerte tiltak, og over mot meir strategisk styring for å stimulere til stadig forbetring av praksis. Utvalet har også leika med tanken om ein handlingsregel for skulepolitikk, som skal sikre at skulen ikkje blir ein ideologisk kamparena.

Trass i at sjølve omgrepet «teknisk oppdragsusikkerheit» er uvant, litt tungvint og ikkje så intuitivt forståeleg, meiner Utdanningsforbundet at omgrepet peikar mot eit heilt sentralt punkt for den vidare utviklinga av skulen. Det har lenge vore ei sterk tru i norsk skule på at vi kan etablere klare kausale samanhengar mellom tiltak og effekt. Denne trua har ført med seg ein instrumentell tilnærming til utdanning og skapt ei sterk tru på styring ovanfrå og på politisk innblanding i skulen. Om det hadde vore mogleg å vite akkurat kva som har verknad og kva som ikkje har det, ville det sjølvstøtt vore logisk for politikarar og administratorar å forsøke å setje dei beste tiltaka ut i livet. Om vi derimot erkjenner at det er vanskeleg å vite kva for verknad eit spesifikt tiltak vil ha i ulike kontekstar, vil det vere tryggast for politikarar og administratorar å overlata avgjerdene til dei fagfolka som står i praksisfeltet og kjenner faget og elevane best.

Styring basert på tiltak og forventa effekt ovanfrå og styring som overlèt mykje av det faglege ansvaret til lærarar og leiarar, er to heilt ulike måtar å styre skulen. Utdanningsforbundet meiner at fellesskulen i framtida må byggast på ei styringsform som overlèt mykje av det faglege ansvaret til praksisfeltet. Derfor meiner vi òg at erkjenninga av at skulen er eit komplekst system og erkjenninga av teknisk oppdragsusikkerheit er viktige og må stå sentralt i det vidare arbeidet til utvalet og i den endelege utgreiinga.

Når det er sagt, er det viktig for Utdanningsforbundet å presisere at å overlata fagleg ansvar til praksisfeltet, ikkje betyr at skulepolitikken er overflødig eller at politikarar og administratorar ikkje skal ha ei rolle i utviklinga av skulen. Tvert imot vil det vere avgjerande å føre ein aktiv og medveten skulepolitikk med målsetting om å sikre lærarprofesjonen tid og rom til å konsentrere seg om kjerneoppgåvene. Det vil òg vere naudsynt at politikarar og administratorar tek strukturelle grep for å sikre praksisfeltet ressursar, tid og handlingsrom. Mellom anna må politikarane justere lov og forskrift samt læreplanar og andre styringsverktøy når det er naudsynt av omsyn til opplæringa i klasserommet. Slike justeringar må sjølvstøtt gjerast i nær dialog med dei som kjenner klasserommet best.

Om erkjenning 5: Ei sterk lærar- og leiarrolle

Erkjenninga om at skulepolitikk først og fremst må byggje opp under arbeidet til lærarar og leiarar i praksisfeltet, heng nært saman med ein annan grunnleggjande erkjenning frå utvalet, nemleg erkjenning nummer 5 om at det er naudsynt med ein sterk lærar- og leiarprofesjon for å lykkast i skulen. Utdanningsforbundet støttar denne erkjenninga fullt ut. Men korleis kan vi sikre ei sterkast mogleg lærar- og leiarrolle? Og kva er eigentleg trugsmåla mot lærarrolla i dag og i framtida?

I Utdanningsforbundet er vi nøgde med at det verkar å vere stor grad av konsensus om at lærarane har ein nøkkelrolle i skulen, og tilsvarande einigheit om at lærarrolla må styrkast ytterlegare. Det er òg gledeleg at så mange trekker fram tillit til lærarar og leiarar som viktig for den vidare utviklinga av skulen. Vi meiner likevel det er avgjerande at målsettinga om ei sterk lærarrolle og tillit til lærarane blir følgt opp av konkrete tiltak for å styrke lærarrolla, og at desse tiltaka er baserte på ein grundig analyse av kva som faktisk undergreiv lærarrolla i dag.

Utdanningsforbundet meiner tillit er eit nøkkelomgrep i diskusjonane om lærarrolla. Men tillit er samtidig eit vagt omgrep som må bli konkretisert og fylt med innhald. Når vi bruker omgrepet tillit i diskusjonar om styringa av skulen, kan vi ikkje redusere omgrepet til ein uforpliktande intensjon om «stole på nokon» eller «å ha trua på nokon». I staden må vi diskutere korleis tillit til lærarane heilt konkret blir operasjonalisert i styringa av skulen. Den mest grunnleggjande operasjonaliseringa av tillit til lærarprofesjonen handlar om å sikre at det berre er lærarutdanna lærarar som kan undervise i skulen. Eit anna uttrykk for tillit til lærarprofesjonen handlar om å sikre at det faktisk er nok lærarar i norske klasserom. At lærarane får god nok tid til å skjøtte kjerneoppgåvene sine på ein god måte, er òg eit tydeleg uttrykk for tillit til profesjonen.

Ei sterk lærar- og leiarrolle er ikkje berre avhengig av tillit, men òg av at jobben som lærar og skuleleiar er attraktiv for unge som skal velje utdanning og framtidig yrkesveg. Samtidig må yrket vere attraktivt for dei som har teke utdanninga, og som vurderer om dei skal stå i yrket eller ikkje. For at det skal vere attraktivt å jobbe som lærar, må lønna vere god. I tillegg må resten av arbeidsvilkåra, inkludert organiseringa av arbeidsdagen, vere gode. Eit anna viktig punkt for å gjere yrket attraktivt, er at lærarar og skuleleiarar har solid støtte i yrkesutøvinga og opplever respekt i rolla.

Eit punkt Utdanningsforbundet meiner det er spesielt viktig for utvalet å sjå nærare på, er korleis sjølve rolla og oppgåvene til lærarane er definerte og regulerte i styringsdokumenta for skulen. For dei fleste er den rolla og dei oppgåvene lærarane har i skulen, noko sjølvsaagt. Vi er vande med at opplæring i skulen er det same som å få undervisning frå ein lærar i eit klasserom. Slik er stoda framleis i det store og heile i norsk skule, men landskapet er i endring og har vore det ei stund. Dette viser seg ikkje minst ved at ordet undervisning er borte frå lovverk og læreplanar. Det vil seie at dei sentrale styringsdokumenta for skulen ikkje lenger bruker det einaste omgrepet som karakteriserer den aktiviteten som er kjernen i læraryrket.

Opplæring er det omgrepet som blir brukt i lovverket i dag for å definere retten barn og unge har til å gå på skule. Dei fleste vil nok tenkje at opplæring er noko elevane får frå ein lærar, akkurat som undervisning, og i dei aller fleste tilfella er det nok framleis slik i skulen i dag. Men samanhengen mellom opplæringa til elevane og undervisninga til lærarane er ikkje lenger like sjølvsaagt som mange trur. Teknologisk utvikling har gitt mange moglegheiter til aktivitetar som er i randsona av opplæring, men der lærarar ikkje er involverte, eller berre har ein lausleg støttefunksjon. Som døme kan vi nemne sjølvgåande adaptive læringsverktøy og moglegheiter for såkalla asynkron fjernundervisning. I tillegg

må vi tru at utviklinga innanfor kunstig intelligens gjer at vi knapt har sett byrjinga av denne utviklinga.

I diskusjonar om lærarrolla i ei høgteknologisk framtid er gjerne omkvedet at læraren ikkje kan erstattast av teknologi, men vil vere viktigare enn nokon gong som navigatør i eit landskap prega av rask utvikling og kunstig intelligens. Dette er eit synspunkt Utdanningsforbundet sjølv sagt støttar. Samtidig vil vi påpeike at det ikkje hjelper at alle er enige om dette, så lenge realiteten i praksisfeltet er noko anna. Vi ser allereie ein auke i bruken av nye former for opplæring der lærarane har ei anna og mykje mindre rolle enn i tradisjonell opplæring - eller i nokre tilfelle ikkje noko rolle i det heile. Som døme på det kan vi nemne heildigitale opplæringsmodular i vaksenopplæring og i vidaregåande opplæring, asynkron fjernundervisning i skule og i vaksenopplæring, praktisk opplæring der prosessrettleiarar utan lærarutdanning står for oppfølginga av elevane, og i tillegg ulike former for sjølvstudium og studieverkstad der rolla til læraren er kraftig redusert. Vi må rekne med at opplæringsformer der rolla til læraren er mindre enn før, vil breie om seg i åra som kjem. Ikkje minst fordi slik opplæring ofte er billigare enn tradisjonell undervisning.

Dette er ei urovekkjande utvikling. Utdanningsforbundet meiner lovverket vi har i dag, ikkje er godt eigna til å hegne om den viktige rolla læraren må ha i fellesskulen i framtida. Vi ser allereie at lærarrolla er under press i møte med kombinasjonen av teknologisk utvikling og dårleg økonomi i kommunar og fylkeskommunar. I framtida fryktar vi at denne utviklinga vil akselerere. Faren er at vi får eit forsterka klaseskilje i norsk skule, der nokre elevar får tilstrekkeleg personleg oppfølging frå lærarar, medan andre elevar får langt mindre undervisning og personleg oppfølging frå lærarar enn det som er vanleg i dag. Utdanninga i framtida må sjølv sagt ta i bruk nokre av dei moglegheitene som ny teknologi gir oss. Men vi kan aldri overlate opplæringa delvis eller fullt ut til teknologien. Det vil korkje tene elevane eller norsk skule som eit heile dersom vi endar opp med at lærarane får ei mindre tydeleg rolle i planlegginga og gjennomføring av opplæringa og i oppfølginga av elevane. I eit slikt scenario vil det i tillegg bli vanskelegare å ta vare på det sosiale elementet ved opplæringa, inkludert å byggje dei fellesskapa og dei relasjonane mellom lærar og elev og mellom elevar som vi er så avhengige av.

Opplæringslovutvalet gjekk inn i problematikken om kva opplæring eigentleg er og om korleis rolla til læraren i opplæringa, skal vere nedfelt i lova. Utvalet greidde ikkje å trengje djupt nok inn i denne problematikken. Dei kom med forslag til løysingar som ikkje var tydelege nok, og som berre delvis blei følgt opp av regjeringa og Stortinget i etterkant. Sidan utvalet leverte utgreiinga si i 2019, har problematikken blitt meir aktuell. I dag er det enda større behov for å tydeleggjere kva omgrepet opplæring eigentleg tyder og kva for plass læraren har i opplæringa. Det er ei utfordring at opplæringsomgrepet blir tolka så vidt, og at mange aktivitetar blir rekna som opplæring enda dei ikkje er innafor det vi tradisjonelt har forstått som opplæring. Denne uheldige situasjonen trugar fyrst og fremst rettane til norske elevar, men undergrev også ei sterk lærarrolle. Så lenge denne utviklinga får halde fram, blir alle gode intensjonar om at læraren skal ha ei viktig rolle i fellesskulen i framtida, berre tomme honnørord.

Om omfanget av opplæringa

Eit viktig spørsmål for fellesskulen i framtida er kor stort omfanget av opplæringa skal vere. I den offentlege debatten blir det ofte trekt fram at Noreg har auka talet på opplæringstimar betydeleg sidan 1990-talet, medan lite tydar på at opplæringa totalt sett har blitt betre eller at elevane lærer meir. Samtidig veit vi at svakare kommuneøkonomi og kommande eldrebølgje vil setje sterkare press på ressursane i skulesektoren i framtida. Er det da fornuftig å halde på eit relativt høgt timetal? Eller kan det vere ein ide å reversere noko av auken i opplæringstimar i byte mot høgare kvalitet i dei attverande timane?

Utdanningsforbundet meiner dette er eit viktig og relevant spørsmål som fellesskuleutvalet må gå djupare inn i. Vi har ikkje vedteken politikk på at vi ønskjer å redusere timetalet i skulen. Vi meiner òg det er fleire grunnar til å vere forsiktig med å gjere det. Samstundes meiner vi det er heilt avgjerande at elevane får opplæring frå utdanna lærarar og at lærartettleiken er god. I tillegg må skulane ha eigna skulebygg med gode spesialrom for ulike former for praktisk opplæring. God opplæring er ressurskrevjande. Da kan vi ikkje smøre ressursane for tynt utover.

Det er på mange måtar innlysande at det er betre med god opplæring i noko mindre omfang, enn dårleg opplæring i stort omfang. I ei tid med press på ressursane vil det derfor vere aktuelt å vurdere ein reduksjon av omfanget av opplæring i byte mot betre opplæring. Problemet er likevel at betre opplæring ikkje kjem automatisk, sjølv om timetalet blir mindre. Korleis kan vi forhindre at ein reduksjon i talet på lovpålagte timar blir eit reint sparetiltak for ein hardt pressa offentleg sektor? Er det reell politisk vilje til å sikre at ressursane faktisk blir i skulesektoren dersom omfanget av opplæringa blir redusert? Det vil i så fall krevje tydelege normer og reguleringar, som for eksempel forsterka lærarnorm og tydelegare reglar for skulebygg, læremiddel og tilgjengeleg utstyr. Diverre møter denne typen reguleringar ofte sterk motstand blant viktige aktørar i den offentlege skuledebatten. Det gjer det risikabelt å svekke ei av dei reguleringane (dvs. minstetimetallet) som faktisk sikrar ressursar til skulen i dag. Utdanningsforbundet meiner likevel at diskusjonen om omfanget av opplæringa er viktig for eit utval som skal sjå på fellesskulen i framtida. Men diskusjonen må henge saman med ein generell diskusjon om korleis vi kan sikre tilstrekkelege ressursar til heile skule-Noreg.

Om innrettinga av det fyrste skuleåret

Korleis bør det fyrste året vere innretta i norsk skule? Det er eit viktig tema for fellesskuleutvalet og eit tema som har vore langt framme i den norske utdanningsdebatten over tid. Det siste året har dette spørsmålet blitt meir aktuelt enn nokon gong.

I 1997 blei obligatorisk skulealder senka med eit år slik at seksåringane blei flytta frå barnehagen til skulen. Den gongen var intensjonen at det fyrste skuleåret skulle vere eit år særskilt tilpassa behova til seksåringane. Året skulle innehalde «det beste frå barnehage og skule» og vere prega av lek og aktivitetar på premissane til dei minste elevane. Diverre blei ikkje intensjonen følgt opp. Det fyrste skuleåret har etter kvart fått stor vekt på innlæring av grunnleggjande dugleikar. Det har blitt mindre lek enn det som var intensjonen, og timetalet i fag er auka i småskulen. Dei fleste av dei nye timane er lagt til dei såkalla basisfaga. Da sluttevalueringa av seksårsreforma blei lagt fram i 2024, kritiserte Utdanningsforbundet at intensjonane med reforma ikkje blei realiserte. Vi tok også til orde for større endringar i det fyrste skuleåret, slik at dei minste skulebarna skulle få leike og lære på eigne premissar.

Utdanningsforbundet har hatt interne diskusjonar om korleis vi på best mogleg vis kan organisere det fyrste skuleåret slik at intensjonane med seksårsreforma likevel kan bli realiserte. Desse diskusjonane har ført fram til ei skisse for ei heilt ny innretting av det fyrste skuleåret. Vi gir att denne skissa i grove trekk nedanfor, men understrekar at dette framleis ikkje er ferdig vedtatt politikk i forbundet. Vi vel likevel å spele inn dei overordna trekka ved skissa til utvalet no, fordi vi meiner det kan vere eit viktig bidrag til dei vidare diskusjonane i utvalet om korleis skulestarten kan bli innretta best mogleg.

Det sentrale punktet i skissa vår er at det fyrste skuleåret skal skiljast ut frå dei resterande ni skuleåra som utgjer grunnskulen i Noreg. Året skal vere eit overgangsår mellom barnehage og skule, og det skal ikkje lenger heite fyrste klasse. Tanken er at det framleis skal vere 10 obligatoriske skuleår i Noreg, men at klassetrinna berre skal vere nummererte frå 1. til 9. Det

første skuleåret skal med andre ord vere eit nulte skuleår. Dette er inspirert av både Danmark og Sverige, som har liknande ordningar i dag.

Vi ser for oss at det nulte skuleåret skal ha eit eige og særskilt lovfesta formål som skil det tydeleg ut frå dei resterande grunnskuleåra. Året skal gje rom for rikeleg med leik. Elevane skal få opplæring, men opplæringa skal vere delvis i fag og delvis i fagområde og ikkje i reine skulefag, slik som i dag. Intensjonen vår er at året skal innehalde «det beste frå barnehage og skule», akkurat slik som var intensjonen med seksårsreforma. Det er likevel viktig å streke under at året skal vere skule og ikkje eit reint barnehageår. Elevane skal gradvis bli introduserte for arbeidsformene i skulen. Målet er at dei både skal vere tryggare sosialt, ha høgare trivsel og vere betre førebudde på forventningane i skulen når dei møter til første klasse det året dei fyller sju.

For at denne innrettinga av det første skuleåret skal fungere etter føremålet, er det avgjerande å sørge for at tilbodet blir bemanna av lærarar med relevant kompetanse. Utdanningsforbundet meiner det bør greiast ut om det første skuleåret skal ha eigne reglar for bemanning som mellom anna skal sikre god lærartettleik for dei minste elevane.

Ein av fordelane ved å ha eit spesifikt overgangsåar mellom barnehagen og skulen, er at det blir enklare å halde fast ved eigenverdien og eigenarten ved det pedagogiske tilbodet i barnehagen medan barna går der. I dag ser vi eksempel på at for mykje av dei siste åra i barnehagen handlar om å gjere barna skuleførebudde. Dette er til ein viss grad naudsynt for å sikre at overgangen mellom barnehagen og ein læringstung første klasse ikkje blir for brå. Men når overgangen mellom barnehage og skule blir godt ivareteke i eit spesifikt overgangsåar, vil mykje av dette behovet falle bort. Barnehagen kan i større grad operere på eigne pedagogiske premisser og barna kan få vere barn ut frå eigne behov og føresetnader.

Det står framleis att mykje arbeid internt i Utdanningsforbundet for å konkretisere og vidareutvikle forslaget om ei anna innretting av skulestarten. Vi har likevel tru på at ei slik innretting som vi har skissert her, kan gje norske seksåringar ein mykje betre skulestart, og dessutan ha positive ringverknader både nedover i barnehagen og ikkje minst oppover for heile det vidare skuleløpet.

Med vennlig hilsen

Morten Solheim
Seksjonsleder

Martin Minken
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.